

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 14. mai 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Iren Lassen	BankID OIDC	2025-05-15 09:22:35
Tordis Sandvik	BankID OIDC	2025-05-15 09:28:06



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Time kyrkjelege fellesråd

Dato og tid: 14.05.2025, 14:00

Stad: Time kyrkjetorg

Saksmappe: TKF2025-58

Til stades: Willy Finnbakk (Leiar), Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (Sekretær), Iren Lassen (Medlem), Ivar Risa (Medlem), Jan Erik Brudeli (Medlem), Lars Sigurd Tjelle (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem), Siri Vik (Andre innkalte)

Forfall:

Protokollfører: Jostein Aarbakke Tollaksen

Lars Tore Helgeland var med på Teams

Sakslista

Faste Saker

016/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

017/25 Rekneskap Time kyrkjelege fellesråd 2024

018/25 Tertialrapport 1. tertial 2025

019/25 Restaurering av gravminne

020/25 Innspel til økonomiplan 2026-2029

Orienteringssaker

00005 Svar på søknad om omdisponering av tildelte midler

00006 Forventa barnehageforlik våren/sommaren 2025

00007 Innfridd lån i Husbanken knytta til Undheim barnehage

Iren Lassen
Medlem

Tordis Sandvik
Medlem

016/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	14.05.2025	016/25

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

017/25 Rekneskap Time kyrkjelege fellesråd 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	14.05.2025	017/25

Forslag til vedtak

Drift:

Meirforbruk i Barnehagen i Bryne kyrkja vert dekkja inn av disposisjonsfondet til barnehagen.
Meirforbruk i Undheim barnehage vert dekkja inn av fellesrådet sitt disposisjonsfond.
Mindreforbruk i fellesrådet vert overført til disposisjonsfondet.

Investering:

Meirforbruket på investering vert dekkja inn av disposisjonsfondet.

Vedtak

Drift:

Meirforbruk i Barnehagen i Bryne kyrkja vert dekkja inn av disposisjonsfondet til barnehagen.
Meirforbruk i Undheim barnehage vert dekkja inn av fellesrådet sitt disposisjonsfond.
Mindreforbruk i fellesrådet vert overført til disposisjonsfondet.

Investering:

Meirforbruket på investering vert dekkja inn av disposisjonsfondet.

018/25 Tertialrapport 1. tertial 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	14.05.2025	018/25

Forslag til vedtak

Fellesrådet tek rapporten til etterretning.

Vedtak

Fellesrådet tek rapporten til etterretning.

019/25 Restaurering av gravminne

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	14.05.2025	019/25

Forslag til vedtak

Fellesrådet går inn for at nemnde gravminne skal restaurerast og vernast. Kostand ved restaurering vert dekkav overskot på gravplassforvaltinga.

Vedtak

Fellesrådet går inn for at nemnde gravminne skal restaurerast og vernast. Kostand ved restaurering vert dekkav overskot på gravplassforvaltinga.

020/25 Innspel til økonomiplan 2026-2029

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	14.05.2025	020/25

Forslag til vedtak

Rådet vedtek innspel til økonomiplan slik han ligg føre, med merknadane som kom fram i møtet.

Møtebehandling

Rådet kom med følgjande innspel til punkt som må skrivast inn i innspelt til kommunen sin økonomiplan.

1. Behov for betre kontorfasiliteter til kyrkjekontoret.

Då planane for nytt bygg ved Brynekyrkja med tilhøyrande kyrkjekontor nå er sett på vent på ubestemt tid ber fellesrådet om at kommunen planlegg for å flytta kyrkjekontoret til nye og betre lokaler, og tek kostnadane for dette inn i planarbeidet sitt. Kyrkjevevja skriv dette inn i innspelet til kommunen.

2. Forndsreserve.

Kyrkjevevja har informert økonomisjef i kommunen om korleis planarbeidet for nybygg ved Brynekyrkja har tappa fondsreservane til fellesrådet til under kritisk nivå. Dette er også påpeika i økonomisk rapport frå KA og i eigen søknad om omdisponering sak: TKF2025-45.

Rådet ber kommunen tilføre ekstra driftsmidler i økonomiplanen for å rette opp denne ubalansen. Kyrkjevevja skriv dette inn i innspel til økonomiplan, og tek det opp i drøftingsmøte med økonomisjef.

Vedtak

Rådet vedtek innspel til økonomiplan slik han ligg føre, med merknadane som kom fram i møtet.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	14.05.2025	00005

00005 Svar på søknad om omdisponering av tildelte midler

Informasjon

I sak 011/25 vedtok fellesrådet å søke om omdisponering av tildelte midler frå investeringsbudsjettet til drift. Grunnen for saka var svakare likviditet grunna forskuttering av midler til prosjektering av nybygg teke frå driftsmidler.

I sitt svar skriv økonomisjef Samu Munawar:

Jeg har forståelse for fellesrådet sitt behov for å ha en økonomisk reserve til å håndtere uforutsette hendelser eller kostnader. Samtidig er Time kommune sitt tilskuddsnivå og prioriteringer vedtatt i handlings- og økonomiplan 2025-2028 og årsbudsjett 2025. Time kommune er en kommune i omstilling. Innenfor allerede stramme rammer finner jeg ikke det nødvendige handlingsrommet til å øke driftstilskuddet til Time kyrkjelege fellesråd i 2025.

Innspillet er derimot notert og vil, i dialog med Time kyrkjelege fellesråd, vurderes i kommende handlings- og økonomiplan 2026-2029.

I muntleg dialog med kyrkjevevja har Munawar i tillegg gitt beskjed om at denne sak vil bli drøfta i samband med innspel til økonomiplanen nå på forsommaren, men påfølgande samtaler tidleg haust.

Dette til oreintering

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	14.05.2025	00006

00006 Forventa barnehageforlik våren/sommaren 2025

Informasjon

Sak 015/25 - Carlseneigedommen konkluderte med følgjande:

Avvente barnehageforliket som kjem no i vår.

Eit godt forlik vil vere avgjerande for vidare drift i eit lengre perspektiv.

Informasjon så langt om det venta forliket:

Pressemelding:

Regjeringen sender i dag forslag til nye regler om styring og finansiering av barnehagesektoren til Stortinget, som en oppfølging av barnehageforliket i Stortinget i høst. Regjeringen foreslår en finansieringsordning av private barnehager som sikrer forutsigbarhet og gode forhold for de private barnehagene, kommunene og de ansatte.

– Vi er heldige i Norge som har gode barnehager, både private og kommunale, med dyktige ansatte som bidrar til å gi ungene våre en god start i livet. Det skal vi bygge videre på for å sikre at alle barn i hele landet skal få et likeverdig barnehagetilbud av høy kvalitet, sier kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun (Ap).

Det er over 20 år siden det første barnehageforliket. Både barnehagesektoren og utfordringene sektoren står i har forandret seg mye siden den gang, og det er tverrpolitisk enighet om at det er behov for endringer i regelverket. Høsten 2024 ble et flertall på Stortinget enige om en avtale om styring og finansiering av barnehager.

Regjeringen fremmer nå nye regler om styring og finansiering av barnehager for Stortinget, som er bygget på den brede politiske enigheten i barnehageforliket fra i høst. Det nye regelverket skal legge til rette for en god barnehagedrift, og at private barnehager skal ha forutsigbare rammevilkår og en sunn og bærekraftig økonomi. Prinsippet om likebehandling av kommunale og private barnehager skal også ivaretas i loven.

Mer forutsigbare rammevilkår og et mangfold av barnehager

Regjeringen foreslår blant annet at det fortsatt skal være nasjonale regler for hvordan kommunene skal beregne tilskudd til private barnehager. Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehagetilbud, med mindre det er relevante forskjeller som tilsier at finansieringen må være ulik.

– Målet er å skape forutsigbare rammer for barnehagene våre, for barna, foreldrene, ansatte og eiere. Vi skal fortsatt ha en kombinasjon av private og kommunale barnehager og foreldre skal fortsatt kunne velge hvilken barnehage de vil sende barna sine i, sier Nordtun.

Målet er å sikre mangfold i barnehagesektoren. Kommunene skal få mulighet til å prioritere ideelle barnehager når de gir godkjenning til å etablere nye private barnehager med rett til tilskudd, mener regjeringen.

Samarbeid om dimensjonering av plasser

Kommunen skal i samarbeid med de private barnehagene dimensjonere kapasiteten i det samlede barnehagetilbudet. Det skal ivareta ulike familiers behov, ønsket om å opprettholde barnehager i både sentrale og mindre sentrale områder, og behovet for forutsigbarhet for barnehagene og familiene. Kommunen vil ikke få mulighet til å pålegge reduksjon i antall barnehageplasser i private barnehager.

Legger til rette for likeverdige pensjonsvilkår i private og kommunale barnehager

Et sentralt punkt i de nye reglene er hvordan offentlige tilskudd til pensjon for ansatte i private barnehager skal beregnes. I dag beregnes pensjonstilskuddet med utgangspunkt i kommunens

utgifter. Regjeringen foreslår at pensjonstilskuddet heller skal ta utgangspunkt i de faktiske lønnskostnadene og pensjonsvilkårene i private barnehager, noe som vil gi et mer treffsikkert tilskudd. Forslaget legger til rette for at ansatte i private barnehager kan ha likeverdige pensjonsvilkår med ansatte i kommunale barnehager.

– Med de nye reglene vil barnehagetilskuddet henge sammen med pensjonsvilkårene i barnehagen. Det betyr at barnehager som har gode pensjonsvilkår vil få høyere tilskudd enn de med dårligere pensjonsvilkår. Det er viktig å legge til rette for at ansatte i alle barnehager kan ha gode pensjonsrettigheter, sier Nordtun.

– Nå skal saken behandles av Stortinget. Jeg har tro på at lovforslaget er et godt utgangspunkt for enighet om en barnehagelov som kan gi både barnehager, foreldre, ansatte og kommunene et godt og forutsigbart regelverk for fremtiden, sier kunnskapsministeren.

Se også veldlegg frå PBL (private barnehagers landsforbund) om deiraumiddelbare vurdering av prosposisjonen. Den stiller ein del mer kritisk spørsmål enne det som kjem fram i pressemelinga frå regjeringen.no.

Det er viktig at rådet er orientert om utviklinga i denne saka då den heng tett saman med vidare drift av barnehagen i kyrkje og dernest med vidare planer for nybygg i området og kva fellesrådet ønsker å gjere med "Carslèneigedommen.

Saka frå regjeringa er i utvikling og i den grad det kjem fram ny inforsajon vil kyrkjeverja presentere dette direkte i møtet.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	14.05.2025	00007

00007 Innfridd lån i Husbanken knytta til Undheim barnehage

Informasjon

1. april 2025 tok Time over Barnehagen på Unheim gjennom ei "overdraging av verksemd" etter arbeidsmiljølova kap. 16.
Pr.same dato overførte Time kommune eit beløp på 12.380.000 - der 11.909.828,94 blei brukt til å gjere opp lån nr 11555686 i husbanken.

Jfr. sak TKF4-2008-33 (arkivsak frå 2008)

Dermed er all gjeld på bygg knytta til Undheim barnehage gjort opp og tinglyst pant vil bli sletta i grunnboka.

Protokoll: Time kyrkjelege fellesråd onsdag 14. mai 2025

Navn

Tordis Sandvik

Dato

2025-05-15

Navn

Iren Lassen

Dato

2025-05-15

Identifikasjon



Tordis Sandvik

Identifikasjon



Iren Lassen



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))